



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	15.01.2014
Tid:	13:30 – 17:10

Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Janita Iren Westbø Remøy	Per Kristian Furø	AP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Hilde B. Skinnes
Konsulent skuleavd. Eivind Longva
Skuleleiar Sølvi L. Remøy

Delt ut i møte:

Notat til formannskapet 10.01.14 – Gjenkjøpsavtale på Herøyterminalen AS. Rådmannen orienterte.

Saksprotokoll K-sak 161/11 samt avtale mellom Frøystad Fiskevegn AS og Herøy kommune.
Rådmannen orienterte.

F-sak 6/14 – U.off. §13Krav om dekking av meirutgifter i samband med byte av skule

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Karly Teige og Tor-Sindre Steinsvik

Karly Teige

Arnulf Goksøy

Tor-Sindre Steinsvik

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/14	Protokoll frå førre møte
PS 3/14	Delegasjonssaker
PS 4/14	Referatsaker
PS 5/14	Søknad om kjøp av tomt i Dragsund - Tømrer Prosjekt AS
PS 6/14	Krav om dekking av meirutgifter i samband med byte av skule.
PS 7/14	Forslag til forvaltningsplan for Tjørnvågosen med tilhøyrande forslag til grenseendring - høyringsuttale
PS 8/14	Forslag til forvaltningsplan for Myklebustvatnet - høyringsuttale
PS 9/14	Reguleringsplan for Huldal aust - Stadfesting av planprogram
PS 10/14	Ragnar Leine. Tomt på Leine.
PS 11/14	Møtegodtgjersle. Brukarrepresentant i byggenemnda.
PS 12/14	Markering av Grunnlovsjubileet 2014 i Herøy kommune
PS 13/14	Asfaltering av grusveggar 2013. Økonomisk avslutning.
PS 14/14	Slutthandsaming utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS
PS 15/14	Revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/14

Søknad om ambulerande løyve -
Loge 113 Flåvær, Odd Fellow

DS 2/14

Vedtak om kjøp av bustadtomt gnr 60
bnr 382

Referatsaker

- | | |
|---------|--|
| RS 1/14 | Planstrategi for Ulstein kommune
2014-2016 |
| RS 2/14 | Fylkesmannens kommunebesøk
2013-2015 |
| RS 3/14 | Forvaltning og vidareutvikling av Los |
| RS 4/14 | Rererat frå møte i styringsgruppa for
Bulyst-prosjektet |
| RS 5/14 | Møteprotokoll frå styremøte i
Dragsundbygg IKS 13.11.2013 |
| RS 6/14 | Møteprotokoll styre for
SøreSunnmøre Landbrukskontor
06.12.2013 |
| RS 7/14 | Norsk Sykepleierforbund - Brev til
kommunane om press på
arbeidstidsordningane |
| RS 8/14 | Møte med Statens Vegvesen
05.12.2013 - Drøfting av div.
plansaker. |

PS 1/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 2/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 3/14 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 4/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 5/14 SØKNAD OM KJØP AV TOMT I DRAGSUND - TØMRER PROSJEKT AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.01.2014

Tømrer Prosjekt AS får tilbod om å kjøpe gnr. 45 bnr. 164 i Dragsund.

Tilbodet vert gitt etter at Herøy kommune har innhenta takst for eigedomen.

PS 6/14 KRAV OM DEKKING AV MEIRUTGIFTER I SAMBAND MED BYTE AV SKULE.

PS 7/14 FORSLAG TIL FORVALTNINGSPLAN FOR TJØRVÅGOSEN MED TILHØYRANDE FORSLAG TIL GRENSEENDRING - HØYRINGSUTTALE

Møtebehandling:

Planleggar Ole Magne Rotevatn møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 15.01.2014

1. Formannskapet har ikkje merknadar til grenseendring for Tjørnvågosen naturreservat.
2. Formannskapet har ikkje merknadar knytt til forvaltningsplanen for Tjørnvågosen naturreservat, men viser til vurderingane som er gjort i saka.

PS 8/14 FORSLAG TIL FORVALTNINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET - HØYRINGSUTTALE

Møtebehandling:

Planleggar Ole Magne Rotevatn møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 15.01.2014

Formannskapet tek forslag til forvaltningsplan for Myklebustvatnet naturreservat til vitande.

PS 9/14 REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Møtebehandling:

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål då sambuar er medlem i Bergsøy hovedstyre. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, punkt c.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 15.01.2014

Formannskapet stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, planprogram for reguleringsplan for Huldal aust, sist revidert 25.11.2013.

Vedtak om stadfesting av planprogram er eit prosessleiande vedtak og kan ikkje påklagast etter forvaltningslova.

PS 10/14 RAGNAR LEINE. TOMT PÅ LEINE.

Møtebehandling:

Ass.rådmann Olaus-Jon Kopperstad orienterte.

Formannskapet kom med slikt nytt samrøystes framlegg:

Formannskapet tilbyr at Ragnar Leine får kjøpe ei tomt i bustadfeltet Leine Ytre til kommunen sin kostnad for infrastruktur kr. 291,44 per m². Sal av tomta er etter gjeldande kommunale vilkår. Det blir vidare sett ein frist til 1. mars 2014 for å akseptere dette tilbodet.

Vedtak i Formannskapet - 15.01.2014

Formannskapet tilbyr at Ragnar Leine får kjøpe ei tomt i bustadfeltet Leine Ytre til kommunen sin kostnad for infrastruktur kr. 291,44 per m². Sal av tomta er etter gjeldande kommunale vilkår. Det blir vidare sett ein frist til 1. mars 2014 for å akseptere dette tilbodet.

Vedtaket kan påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, pb 274, 6099 Fosnavåg, og klage skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 11/14 MØTEGODTGJERSLE. BRUKARREPRESENTANT I BYGGENEMNDA.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.01.2014

Janne R. Endresen vert valt som medlem (brukarrepresentant) i byggenemnda for prosjekta Bustad unge funksjonshemma og Utbygging Herøy Produksjon og skal ha godtgjersle etter reglementet.

PS 12/14 MARKERING AV GRUNNLOVSJUBILEET 2014 I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.01.2014

1. Kommunestyret tek orientering om tiltak og arrangement til vitande.
2. Kommunestyret støttar vedlagt «Forslag til uttale om grunnlovfesting av det lokale folkestyret» og ber om at kommunen si uttale vert sendt stortinget/stortingsrepresentantane.

PS 13/14 ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2013. ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.01.2014

Meirforbruket kr 11.208,- vert dekkja av frie finansieringsmidlar for 2012.

PS 14/14 SLUTTHANDSAMING UTBYGGINGSAVTALE MED FOSNAVÅG VEKST AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.01.2014

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Vekst AS vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

PS 15/14 REVIDERT SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.01.2014

Kommunestyret godkjenner endringer i selskapsavtalen for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS når det gjeld § 12 Rammene for låneopptak og § 9 om styre og styresamansetting i samsvar med innstillinga frå representantskapen i Søre Sunnmøre IKS.

MØTET SLUTT!